

Ur Mikael Börjesson, et al. (eds.), *Fältanteckningar. Utbildnings- och kultursociologiska texter tillägnade Donald Broady*, Skeptronserien, SEC, Uppsala universitet, 2006, 435p.

Norske akademiske kapitalhierarki og professorale haldningar

Skilleliner blant norske universitets- og høgskuletilsette

Johs. Hjellbrekke

Innleiing

I *Homo Academicus* analyserte Pierre Bourdieu "le conflict des facultés", akademiske kapitaltypar, maktformer og korpsånd i ei brytningstid det franske akademiske feltet.¹ Utdannings- og kultursosiologiske problemstillingar har også utgjort ein raud tråd i Donald Broady sitt forfattarskap.² Sjølv om avgrensa studiar³ har vore gjorde, har det så langt enno ikkje vore gjort ein fullskala analyse av det eller dei akademiske felta i Skandinavia. Denne korte artikkelen tek heller ikkje mål av seg å presentere ei skisse til ein slik analyse. På grunnlag av nyare data om vitskapleg tilsette ved norske universitet og høgskular og mot bakteppet av den omfattende reforma det norske systemet for høgare utdanning for tida er inne i, vil to deskriptive problemstillingar bli handsama:

- 1) Kor mange og hierarkisk ordna grupperingar kan norske vitskapleg tilsette delast inn, slik dette kan gjerast på grunnlag av seks indikatorar på akademisk kapital? Kva kjenneteiknar desse undergruppene, og kor store er dei?

¹ Pierre Bourdieu, *Homo Academicus*, Minuit, Paris 1984.

² Sjø t.d. Donald Broady (red.), *Kulturens fält*, Daidalos, Göteborg 1998.

³ Roar Høstaker, *A study of the relations between political processes and the institutional conditions in two university faculties*, Dr.polit-avhandling, Rapport 9707, Los-senteret, Bergen 1997; Agnete Vabø, *Mytedannelser i endringsprosesser i akademiske institusjoner*, Dr.polit-avhandling i sosiologi, Sosiologisk institutt, Bergen 2002.

2) Kor stor grad av homogenitet og heterogenitet finn ein internt i gruppa av universitetsprofessorar når vi ser på a) haldningane deira til vilkåra for vitskapleg verksemd generelt og den statusen høgare utdanning, og med det også oppfatningar av verdien akademisk kapital har i det norske samfunnet, og b) haldningane deira til den reforma det norske høgare utdanningssystemet for tida er gjenstand for?

Også i det norske systemet for høgare utdanning vil professorane utgjere den mest akademisk kapitalsterke grupperinga. Sett på spissen utgjer grupperinga det vi med eit av Bourdieu sine omgrep kan kalle eit akademisk maktfelt, og av den grunn er det av særleg verdi å undersøkje deira haldningar og oppfatningar.⁴ Finn vi i så måte klare fakultetsopposisjonar lik dei Bourdieu omtalte, eller er skillelinene uklare? Før vi går til desse problemstillingane er det naudsynt med ein kort introduksjon til reforma, det norske systemet for høgare utdanning og datagrunnlaget for analysen.

”Kvalitetsreforma”, Kvalitetsreformundersøkinga og den institusjonelle funksjonsdelinga i norsk høgare utdanning

I etterkant av Stortingsmelding nr. 27 (2000–01) vart ei reform av det norske systemet for høgare utdanning, den såkalla ”Kvalitetsreforma”, igangsett. Reforma er både ei styrings- og ei studiereform. Studenten skal presenterast for eit meir heilskapleg læringsmiljø med tettare oppfølging og meir mappeevaluering innanfor ein ny gradsstruktur; den såkalla 3+2-modellen med bachelor-grad og mastergrads-studium. I tillegg er det foreslått ein ny styringsstruktur og ny forvaltningsmodell, der lærestadane vert omgjorde til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, med auka tal eksterne styremedlemmer og med tilsette mot førvalde leiararar av grunneiningane. Ein ny finansieringsmodell med ein meir utprega insentivstruktur, der vitskapleg produksjon og studentgjennomstrøyming utgjer to kriterier for tildeling av midlar, er også utforma.⁵

Reforma har vore omstridd, og dels vorte møtt med skepsis og tidvis også motstand frå akademisk hald. Rektorane ved Universiteta i Bergen og i Oslo vart td. begge valde på eit reformkritisk program. I ei større spørjeundersøking vart eit utval fast tilsette ved universiteta og dei statlege høgskulane i Noreg bedne om å gje uttrykk for haldningane dei har til dei ulike delane av reforma; studiestruktur og læringsmiljø, fagleg leiing, institusjonell tilknytningsform og ekstern styrerepresentasjon, insentivbasert finansieringssystem, kvalitet som grunnlag for tildeling

⁴ Pierre Bourdieu, *La noblesse d'État. Grandes écoles et esprit de corps*, Minuit, Paris 1989.

⁵ Sjø Svein Michelsen & Per Olaf Aamodt (red.), *Kvalitetsreformen møter virkeligheten*, NIFUSTEP, Oslo 2006.

av goder og effektar på studiegjennomføring og studieutbytte. Surveyen vart gjennomført i første kvartal av 2005, i form av ei postalundersøking til eit utval på tilsaman 3416 professorar, førsteamanuensar, førstelektorar og høgskulelektorar. Undersøkinga rommar berre eit fåtal indikatorar på akademisk kapital, og så og seie ingen andre kapitalindikerande variablar. Ein feltanalyse i bourdieusiansk forstand let seg derfor ikkje gjennomføre. Nokre av skillelinene i det norske høgare utdanningssystemet kjem likevel til syne.⁶

Dette systemet rommar fire hovudtypar utdanningsinstitusjonar – universitet, vitskaplege høgskular, statlege høgskular og private høgskular – og er prega av ei funksjonsdeling mellom universitet og vitskaplege høgskular på den eine sida, og statlege høgskular på den andre.⁷ Forsking og utvikling (FOU) ved dei statlege høgskulane skal vere meir praktisk retta og av meir lokal karakter enn universitetsforskninga; ”fortrinnsvis knyttet til praksisfeltet for sine fag eller til problemer som er særleg relevante for regionen”.⁸ I praksis har dette medført at langt fleire av dei vitskapleg tilsette ved høgskulane konsentrerer seg om undervisning og rettleiing enn det som gjeld ved universiteta.⁹

Dette kjem også til syne i den institusjonsspesifikke variasjonen i høve til vitskapleg produksjonen, operasjonalisert i form av antal publikasjonar og publikasjonsnivå til eit vekta mål kalla publikasjonspoeng. Universiteta og dei vitskaplege høgskulane står for 86 % av dei samla publikasjonspoenga, dei statlege høgskulane 12 % og dei private høgskulane (dominert av Handelshøyskolen BI) 2 %. Fordelinga av akademisk og organisatorisk kapital er også svært skeiv. På institusjonsnivå finn ein svært sterk og eindimensjonal opposisjon der tilsette ved dei fire universiteta dannar ei kapitalsterk klynge med minimale interne forskjellar, i klar opposisjon til ei klart meir heterogen, kapitalsvak klynge av statlege høgskular.¹⁰

⁶ Sjø Johs. Hjellbrekke, ”Strukturelle skillelinjer og haldningar til Kvalitetsreforma”, pp. 142–160 i Svein Michelsen & Per Olaf Aamodt (red.), *Kvalitetsreformen møter virkeligheten*, NIFUSTEP, Oslo 2006.

⁷ Svein Kyvik, ”Structural Changes in Higher Education Systems in Western Europe”, pp. 393–409 in *Higher Education in Europe XXIX* (3), 2004.

⁸ Svein Kyvik, *Evaluering av høgskolereforma. Sluttrapport*, Norges forskningsråd, Oslo 1999, p. 114.

⁹ Ibid.

¹⁰ Hjellbrekke, op. cit. 2006.

Fire hovudgrupper

Ein latent klasseanalyse¹¹ av seks indikatorar for akademisk kapital avdekkjer fire hierarkisk ordna hovudgrupper av tilsette i dette systemet:

Tabell 1: Latent klasseanalyse av seks indikatorar på akademisk kapital, modell med 4 klynger, alle respondentar.

	Pedagogar	Senior-Forskarar	Etablerte forskarar	Junior-Forskarar
Storleik, latent klasse ("Latent class size")	0,3962	0,2279	0,2104	0,1655
Indikatorvariabel				
Vurderingskomité, Dr.avhandling				
Ja	0,0011	0,8985	0,9825	0,1608
Nei	0,9989	0,1015	0,0175	0,8392
Vurderingskomité, I.amanuensis				
Ja	0,0722	0,9774	0,621	0,4046
Nei	0,9278	0,0226	0,379	0,5954
Referee, norsk tidsskrift				
Ja	0,0342	0,715	0,308	0,2243
Nei	0,9658	0,285	0,692	0,7757
Referee, Internasjonalt tidsskrift				
Ja	0,009	0,8695	0,7894	0,4631
Nei	0,991	0,1305	0,2106	0,5369
Dr.grad frå norsk eller utanlandsk universitet				
Ja	0,0166	0,7631	0,988	0,7147
Nei	0,9834	0,2369	0,012	0,2853
Pedagogisk basiskompetanse				
Ja	0,8306	0,4895	0,6868	0,666
Nei	0,1694	0,5105	0,3132	0,334

Degrees of freedom (df)	36	p-verdi
L-squared (L ²)	39,8429	0,30
X-squared	39,2206	0,33
Diss. Index:	0,0371	

¹¹ Sjå Allan L. McCutcheon, *Latent class analysis*, Sage, Thousand Oaks 1987.

Den første gruppa, "Pedagogar", utgjer knapt 40 % av respondentane (jf. Tabell 1, "Latent class size" = .3962 for denne gruppa. Verdien summerer seg elles til 1.0 horisontalt). Pedagogane scorar svært lågt på så og seie samtlige indikatorvariablar, med unntak av pedagogisk basiskompetanse. Gjeve at ein høyrer til i denne klynga, er det betinga sannsynet for å inneha slik kompetanse 83 %, mot 17 % betinga sannsyn ($0.83 + .17 = 1.00$) for ikkje å inneha slik kompetanse. Respondentane er lite aktive på sentrale arenaer for vidare kvalifisering og fagfellevurdering, og ytterst få har forskarkompetanse i form av avlagd doktorgrad. Pedagogisk kompetanse er likevel ikkje eit *eksklusivt* kjenneteikn for denne grupperinga. Nærare analyse viser at klynga, som også er å finne nær botnen av det norske akademiske kapitalhierarkiet, i stor grad er sett saman av høgskulelektorar og førstelektorar.

Den andre latente klassen har dei motsette kjenneteikna. Denne klynga kan vi kalle "Seniorforskarar", og rommar tilsaman 22,7 % av respondentane. Professorane er, ikkje uventa, i klart fleirtal og grupperinga er å finne på toppen av det før omtalte kapitalhierarkiet. Med unntak av den pedagogiske basiskompetansen, der grupperinga deler seg omtrent 50/50, har desse respondentane gjennomgåande høge betinga sannsyn for sjølv å inneha forskarkvalifikasjonar og likeeins for å utøve fagfellevurdering i tidsskrift og i tilsettingssaker. For alle desse variablane varierer sannsynet "Ja" frå 76–98 %, jf. tabell 1. Sett på spissen vert relevansen av den såkalla Matteus-effekten demonstrert: "... for hver den som har, ham skal gis, og han skal ha i overflod, men den som ikke har, fra ham skal tas endog det han har".

Den tredje og den fjerde latente klassen utviser klare likskapstrekk med kvarandre, og fangar opp tilsaman 37,6 % av respondentane. Begge er i midten av kapitalhierarkiet, og skilja mellom klynge nr. 3 (21 % av respondentane) og nr. 4 (16 % av respondentane) er det nærliggande å som eit uttrykk for forskjell med omsyn til fartstid i systemet, og som eit resultat av den tida ein har hatt til å tileigne seg akademisk kapital. Vi kan kalle klynge nr. 3 "Etablerte forskarar", og klynge nr. 4 "Juniorforskarar". Pedagogisk basiskompetanse er ein utbreidd kvalifikasjon, både i klynge nr. 3 og nr. 4. Det er gode grunnar til å anta at det også rår eit generasjonsskilje mellom respondentane i klynge 2 og dei i klynge 3 og 4.

Professorale haldningar

I undersøkinga vart det stilt ein serie haldningsspørsmål om ulike sider ved Kvalitetsreforma. Alt i den univariate analysen ser ein konturane av ei todeling av respondentane. Meir enn halvparten er av den oppfatninga at reforma ikkje lever opp til namnet, men tvert om vil bidra til å *senke* kvaliteten på norsk høgare utdanning; verdien av den kulturelle kapitalen desse institusjonane distribuerer, vert med andre svekka. Og også det nye gradssystemet opplever eit fleirtal som ei kva-

litetsforringing. Eit knapt fleirtal meiner likeeins at akademiske yrker ikkje nyt høg vørtnad i det norske samfunnet, og at Noreg er eit antiintellektualistisk samfunn som i røynda ikkje prisar kulturell kapital særleg høgt:

Tabell 2: Haldningar til fem påstandar om akademisk verksemd og om Kvalitetsreforma. Alle respondentar.

Påstand	Prosentdel samde	Prosentdel usamde	Total
Akademiske yrker nyter høy anseelse i Norge	53,2	46,8	100 (n=2013)
Norge er et samfunn med sterke innslag av antiintellektualisme	58,4	41,6	100 (n=2018)
Kvalitetsreformen vil bidra til å senke nivået på høyre utdanning i Norge	55,7	46,3	100 (n=1961)
Bachelorgraden innebærer en nivåsenkning sammenlignet med can.mag-graden	58,3	41,7	100 (n=1949)
Mastergraden holder ikke samme faglige nivå som det gamle hovedfaget	62,5	37,5	100 (n=1986)

Men fordelingane indikerer også ei sterk *polarisering* i respondentgruppa. Finn ein så den same tendensen blant professorane, eller er denne stillingskategorien meir homogen? Kan vi td. identifisere ein særeigen professoral og/eller fakultets-spesifikk habitus? Om så er tilfelle – langs kva dimensjonar og kvifor? Til denne analysen skal vi nytte multippel korrespondanseanalyse.¹²

20 variablar med tilsaman 69 aktive kategoriar er valde ut til konstruksjonen av det vi heretter skal kalle rommet for professorale haldningar:

Akademiske yrker nyter høy anseelse i Norge – 3 kategoriar

Kvalitetsreformen er en pedagogisk motivert reform – 3 kat.

Norge er et samfunn med sterke innslag av antiintellektualisme – 3 kat.

Den nye finansieringsordningen vil på lengre sikt medføre en høyere terskel for å stryke studenter – 3 kat

Kvalitetsreformen vil bidra til å øke produksjonen av studiepoeng – 4 kat.

Kvalitetsreformen vil medføre mer bruk av tid på undervisning og mindre tid til forskning – 4 kat.

Kvalitetsreformen er primært en effektiviserings- og styringsmotivert reform – 3 kat.

Kvalitetsreformen vil bidra til å senke nivået på høyere utdanning i Norge – 3 kat.

Har innføringen av Kvalitetsreformen medført endringer i din undervisning? – 4 kat.

¹² Sjø Brigitte Le Roux & Henry Rouanet, *Geometric Data Analysis*, Kluwer Academic Publishers, Amsterdam 2004; Johs. Hjellbrekke, *Innføring i korrespondanseanalyse*, Fagbokforlaget, Bergen 1999.

Har Kvalitetsreformen medført endringer i eksamensordninger ved det studieprogr. du underviser på? – 4 kat.

Ansettelsesprosessene til vitenskaplige stillinger er for byråkratiske og bør forenkles – 4 kat.

Ved rekruttering til vitenskaplige stillinger bør man alltid velge den formelt best kvalifiserte søker – 4 kat.

Ved ansettelse i vitenskaplige stillinger bør man legge mer vekt på pedagogisk kompetanse – 4 kat.

Ved ansettelse til vitenskaplige stillinger bør man åpne for mer bruk av skjønn – 4 kat.

Moderat kjønnskvoltering bør også i framtiden praktiseres ved ans. i vitenskaplige stillinger – 4 kat.

Instituttstyrer bør ha makt til å kalle en søker til en vitenskaplig søker – 4 kat.

Hvordan vil du karakterisere bachelorgraden sammenliknet med cand.mag-graden? – 3 kat.

Hvordan vil du karakterisere mastergraden sammenliknet med det gamle hovedfaget? – 3 kat.

Det bør åpnes for rene undervisningsstillinger uten forskningsrett og – plikt – 2 kat.

Det bør åpnes for rene forskerstillinger helt uten undervisningsplikt – 2 kat.

Enheter som ikke holder høyt faglig nivå bør legges ned – 5 kat.

Plassomsyn gjer at det nedanfor kun er hovudresultata for aksane som vert presenterte. Presentasjonen av faktorplana og tolkinga av aksane vil bli gjort med utgangspunkt i supplementærpunktane sine plasseringar, men er tufta på dei detaljerte resultata frå analysen.

Eit tre-dimensjonalt rom

Analysen avdekkjer eit rom med tre dimensjonar, som tilsaman fangar opp 82,6 % av inertiaen i materialet:

Tabell 3: *Eigenverdiar og prosentdel forklart varians, akse 1–3.*


Akse	Eigenverdi	Prosentdel inertia	Prosentdel <i>modifisert</i> inertia	Prosentdel modifisert inertia, kumulert
Akse 1	.165	6.69	48.5%	48,5
Akse 2	.129	5.24	22.9%	71,4
Akse 3	.105	4.26	11.2%	82,6

Akse 1 summerer 48,5 % av den modifiserte inertiaen. Ut frå fordelinga til dei absolutte bidraga¹³ går det fram at aksen primært kontrasterer *reformkritiske* og *reformpositive* haldningar.

Akse 2 summerer 22,9 % av inertiaen. Aksen skiller primært mellom midlare og sterke haldningar, positive som negative, til problemstillingar omkring endring vs. ikkje-endring av overordna styrings-, rekrutterings- og organiseringsprinsipp, og styrar si makt i slike tilhøve.

Akse 3 summerer 11,2 % av inertiaen, og skildrar i hovudsak og kontrasterer respondentar som er positive eller negative til å endre eksisterande, overordna styrings-, rekrutterings- og organiseringsprinsipp, og også styrke makta til leiarane av grunneiningane.

Grunna den tydelegare polariseringa, framstår faktorplan 1–3 som analytisk meir interessant å tolke enn faktorplan 1–2 eller 2–3:



Figur 1: Professorale haldningar. Supplementære kategoriar i faktorplan 1–3. $N=817$

¹³ Sjø Le Roux & Rouanet, op. cit. 2004.

Følgjer ein tolkingsprinsippa til Le Roux & Rouanet¹⁴ om at avstandar mellom to supplementærpunkt <.5 ikkje bør tillegast større vekt, at avstandar >.5 langs indikerer at det rår ein samanheng, og at samanhengen må vere >1.0 for å kallast sterk, er det klart at akse 1 ikkje på avgjerande vis er i stand til å skilje mellom professorane ved ulike fakultet. Langs denne dimensjonen er haldningsheterogenitet like framtrudande som homogenitet. I den grad ein finn ei fakultetsskilje, er det mellom professorar ved Historisk-Filosofisk, ved Utdanningsvitenskapleg og ved Samfunnsvitenskapleg fakultet på den eine sida og professorar ved dei gamle ingeniørutdanningane ved Norges Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet (som rommar den tidlegare Norges Tekniske Høgskole) på den andre. Funnet er ikkje overraskande, og er også ein "klassisk" opposisjon i Bourdieu sine studiar.¹⁵ Sjølv om det utfrå tidlegare studiar kan vere nærliggande å tolke opposisjonen langs akse 1 som ein opposisjon mellom kulturell og økonomisk kapital, kan resultatet samstundes delvis sporast attende til "lokale" faktorar. Medan dei førstnemnde har opplevd grunnleggande endringar som følgje av reforma, har endringa for dei sistnemnde vore langt mindre omfattande. Det same gjeld for profesjonsutdanningane i medisin, odontologi og psykologi, som i praksis har vore fritekne frå reforma. Slik sett kan det nok råde ulike oppfatningar om reforma og organiseringsprinsippa i norsk høgare utdanning, men usemja følgjer berre i moderat grad fakultetsspesifikke grenser. Skilja mellom dei tilsette ved ulike universitet er likeeins så marginal at den i praksis kan sjåast bort frå. Reformpositive og reformkritikarar er følgjeleg representerte ved alle lærestader og ved alle fakultet. Og medan ein i det samla utvalet fann ein samanheng mellom volumet av akademisk kapital og skepsis mot reforma, og der skepsisen vart minst blant tilsette i dei kapitalsvake posisjonane¹⁶, let ein slik samanheng seg ikkje eintydig lese ut av figur 1. Skal ein forsvare ei slik tolking også i analysen av professorutvalet, må ein ta utgangspunkt i ekstern informasjon om dei ulike fakulteta sine historisk etablerte plasseringar i det kulturelle og akademiske kapital- og statushierarkiet – og ikkje utfallet av analysen.

Akse 3 er i så måte meir eintydig, ettersom den klart kontrasterer Jus, Teologi og Utdanningsvitenskap mot Medisin og Psykologi. Nok ein gong kan ikkje dette kallast eit overraskande resultat. I utgangspunktet kan heller ikkje skilnadene langs akse 3 tolkast som ordna i høve til plasseringar i eit akademisk hierarki (slik dette har lete seg måle i undersøkinga), men meir som eit produkt av orienteringar som kan sporast attende til skilnader i fagas metode, innhald, forskingsstil.¹⁷ Der dei sistnemnde fagområda er kjenneteikna av ein kollektiv forsknings-

¹⁴ Le Roux & Rouanet, op. cit. 2004, p. 234.

¹⁵ Td. Bourdieu, op. cit. 1989.

¹⁶ Sjø Hjellbrekke, op. cit. 2006.

¹⁷ Jfr. Tony Becher, *Academic Tribes and Territories. Intellectual Enquiry and the Cultures of Disciplines*, The Society for Research into Higher Education & Open University Press, Buckingham 1989.

stil med internasjonal orientering, er dei førstnemnde det motsette. Oppfatningar av kva som er veileigna styringsformer og styringsprinsipp verkar henge nærare saman med desse forskjellane enn med andre faktorar. Valgte leiarar med avgrensa makt vert foretrekte i faga med individualistisk forskningsstil og -organisering. Tilsette leiarar med utvida makt vert foretrekte i fag der professorleia forskingsgrupper dominerer.

Avslutning

I "De nasjonale strateger" hevda sosiologen Rune Slagstad at Noreg frå 1970-talet av har vore dominert av marknadsteknokratisk styringselite med utspring i Arbeidarpartiet.¹⁸ Trass motstanden mot Kvalitetsreforma, tyder resultatane ovanfor ikkje på at ein vil finne ein *saml* akademisk motstand mot at marknadsteknokratiske styringsprinsipp også skal gjerast gjeldande i akademien. Og skulle ein finne ein opposisjon langs desse linjene, er det meir truleg at den istaden er internt splittande og også opposisjonen også kan finnast *internt* i det akademiske maktfeltet. Slik sett er det nærliggande å spørje: utgjør akademien og det norske akademiske maktfeltet i dag det John Dewey¹⁹ i si tid omtalte som "[A] House Divided Against Itself"?

¹⁸ Rune Slagstad, *De nasjonale strateger*, Pax, Oslo 1998.

¹⁹ John Dewey, "The House Divided Against Itself", pp. 270–71 i *New Republic* 58, 24, April 1929.